



**Utval:** Utval for opplæring og helse  
**Møtestad:** 10.02.2016 Hyssingen produksjonsskule, Møllendalsveien 63,  
11.02.2016 Fylkesutvalsalen, 3. et., Fylkeshuset  
**Dato:** 10.02.-11.02.2016  
**Tidspunkt:** Dag 1, 09:00 – 15.00  
Dag 2, 10.00- 13.00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Ragnhild Hus Fagerbakke (11.02 frå kl.10.20)	Medlem	H
Roald Stenseide (10.02)	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Daniel Charles Hextall (11.02. til kl.12.00)	Medlem	SV
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
Roald Stenseide (11.02)	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Emil T Brimsholm (Møtte 11.02)	John Helge Gullaksen	H
Arils Borgen	Solbjørg Helen Krossli Marjala	R
Christoffer Thomsen	Roald Stenseide	FRP
Torunn Olsnes (11.02. frå kl.12.00)	Daniel Charles Hextall	SV

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Torbjørn Mjeldstad	Yrkesopplæringsjef
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Sigrid Helene Aardal  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 9/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 10/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 11/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 11/16	Samarbeidsavtale	2015/11216	
RS 12/16	Svar på spørsmål i FUV vedk. framtidig dialog med bygg- og anleggsbransjen	2016/1015	
RS 13/16	Melding om vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg	2015/8565	
RS 14/16	Proessen knytt til arbeidet med 8-13 samarbeid i Arna	2014/10030	
PS 12/16	Høyringsuttale - ny læreplan studiespesialiserande utdanningsprogram for media og kommunikasjon	2016/759	
PS 13/16	Anmoding om uttale - Søknad etter friskolelova - Danielsen Intensivgymnas	2015/12460	
PS 14/16	Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17	2014/22562	
PS 15/16	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016	2015/9089	
PS 16/16	Tertnes vgs - romprogram	2016/723	
PS 17/16	Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019	2015/976	
PS 18/16	Tannhelsetenesta - Klinikstrukturplan 2015 - 2030	2014/19439	
PS 19/16	Ymse		

## **PS 9/16 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend

## **PS 10/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møtet 14.01.2016 vart godkjend.

## **PS 11/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

I samband med RS 11/16 viste **Rosalin Fosse** til fylkestinget sitt vedtak i sak 17/15 pkt. 2. "Hordaland fylkeskommune arbeider mot et tettere samarbeid og involvering rettet mot kommunene i Nord – Hordaland og Sogn og Fjordane (Gulen / Solund)." Ho stilte spørsmål om kor langt ein er komme med dette arbeidet. Fylkesdirektør opplæring skulle koma attende med svar i neste møte.

I samband med RS 13/16 viste fylkesdirektør opplæring til fylkesutvalsmøte 29/1 der det frå representant frå Høgre var stilt spørsmål om vedtaket var fatta på lovleg grunnlag. Svar vil verta lagt fram på neste fylkesutvalsmøte.

I samband med RS14/16 stilte **Tor Andre Ljosland** spørsmål om korleis ein oppfatta politiske ønskje i saka og om ein eventuelt treng nye politiske vedtak sett i høve til FT- sak 23/15 – 8-13 samarbeid i Arna. Han stilte og spørsmål om korleis saka står no, og peika på at Hordaland fylkeskommune bør ha ei aktiv haldning og vera ein pådrivar.

Fylkesdirektør opplæring svara at saka var stilt i bero med grunnlag i planarbeidet i Bergen kommune. Bergen kommune har gått bort frå Seimsmyrane og Hordaland fylkeskommune må forholde seg til det.

## **PS 12/16 Høyringsuttale - ny læreplan studiespesialiserande utdanningsprogram for media og kommunikasjon**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til framlagt forslag til læreplanar i studieførebuande utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon med atterhald for merknader som kjem fram i høyringssvaret.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Det var 13 representantar tilstades.

**Elisabeth Toft Erichsen (V)** sette fram slikt forslag:

Tillegg:

"Stryke følgjande i kommentar til læreplan i medieuttrykk (3.28).

"Fylkesrådmannen ber difor .....fyrste året." "

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Erichsen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til framlagt forslag til læreplanar i studieførebuande utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon med atterhald for merknader som kjem fram i høyringssvaret.
2. Stryke følgjande i kommentar til læreplan i medieuttrykk (3.28).  
"Fylkesrådmannen ber difor .....fyrste året."

## **PS 13/16 Anmodning om uttale - Søknad etter friskolelova - Danielsen Intensivgymnas**

### **Forslag til innstilling**

Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesrådmannen tilrår ikkje at søknaden vert godkjent.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Leiaren gjorde merksam på at det i andre setning i innstillinga skal stå "fylkesutvalet" i staden for fylkesrådmannen.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

For å prøve å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring har ein tverrpolitisk i Hordaland lagt ned tilbod om allmennfaglig påbygging i den offentlege skulen. Ei utviding av tilbodet i private skuler, vil svekke fylkeskommunens muligheit til å dimensjonere tilbodet i tråd med dei strategiane ein har for å auke gjennomføringa."

**Rosalin Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Hordaland fylkeskommune har ingen anmerkningsar til søknaden."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Rasmussen sitt forslag vart vedteke som til innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Krf, MDG, H og Frp).

Fosse sitt forslag fekk 6 røyster (Krf, MDG, H og Frp) og fall.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesutvalet tilrår ikkje at søknaden vert godkjent.

For å prøve å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring har ein tverrpolitisk i Hordaland lagt ned tilbod om allmennfaglig påbygging i den offentlege skulen. Ei utviding av tilbodet i private skuler, vil svekke fylkeskommunens muligheit til å dimensjonere tilbodet i tråd med dei strategiane ein har for å auke gjennomføringa.

## **PS 14/16 Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1*.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 04.02.2016**

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. Som innstillingen
2. Yrkesopplæringsnemnda ber om at kompetanseutvikling for fellesfaglærere og programfaglæreres status og ønsket utvikling, behandles som eget punkt i planen.
3. Yrkesopplæringsnemnda ber om at undervisningskompetanse og formell kompetanse innen yrkesfag kartlegges i Hordaland slik det er gjort i Oslo Akershus, og at Yrkesopplæringsnemnda får en egen sak på dette.

### **Røysting**

Knudsen/Pilskog sitt forslag var samrøystes vedteke

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

Yrkesopplæringsnemnda ber om at kompetanseutvikling for fellesfaglærere og programfaglæreres status og ønsket utvikling, behandles som eget punkt i planen.

Yrkesopplæringsnemnda ber om at undervisningskompetanse og formell kompetanse innen yrkesfag kartlegges i Hordaland slik det er gjort i Oslo Akershus, og at Yrkesopplæringsnemnda får en egen sak på dette.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

## **PS 15/16 Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016**

### **Forslag til innstilling**

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 04.02.2016**

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp og Krf fram slikt forslag:

"Tillegg:

Kommunane i Hordaland bør ha to lærlingar per 1000 innbyggjarar."

**Tor André Ljosland (Krf)** sette på vegne av Krf, A, H ,Frp, Sp, SV, MDG og V slikt forslag:

"Tillegg:

Utval for opplæring og helse ber om at det ved neste rullering vert lagt opp til eit høgare ambisjonsnivå for både kommunane og fylkeskommunen."

Hextall sitt forslag vart trekt.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016.

Utval for opplæring og helse ber om at det ved neste rullering vert lagt opp til eit høgare ambisjonsnivå for både kommunane og fylkeskommunen.

## **PS 16/16 Tertnes vgs - romprogram**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet/skisseprosjektet vert lagt til grunn for vidare planlegging av tilbygg-, ombygging og rehabilitering av Tertnes vgs.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet/skisseprosjektet vert lagt til grunn for vidare planlegging av tilbygg-, ombygging og rehabilitering av Tertnes vgs.

## **PS 17/16 Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek «Folkehelsa i Hordaland 2015» til orientering.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek «Folkehelsa i Hordaland 2015» til orientering.

## **PS 18/16 Tannhelsetenesta - Klinikstrukturplan 2015 - 2030**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesrådmannen si innstilling for framtidig klinikstruktur i tannhelsetenesta i Hordaland for planperioden 2015 – 2030 er:

#### **1. Aust tannhelsedistrikt**

Tannhelsetilbodet i Aust tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert om 3 store tannklinikkar – Norheimsund tannklinikk, Odda tannklinikk og Voss tannklinikk.

Klinikstrukturplanen inneber vedtak om:

- a) **Granvin tannklinikk** blir lagt ned i 2016. Pasientane vert overført til Voss tannklinikk.
- b) **Ulvik tannklinikk** og **Lofthus tannklinikk** vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.
- c) Kjøp av tenester frå privat tannlege i Vaksdal blir avslutta når vedkomande går av med pensjon i 2017.
- d) **Dalekvam tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig i 2018. Pasientane kan velja mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinikk eller Indre Arna tannklinikk.
- e) Det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden.

## 2. Nord tannhelsedistrikt

Tannhelsetilbudet i Nord tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli gitt på 5 store tannklinikkar – tannklinikk i Nordhordland Helsehus, Lindås tannklinikk, Åsane tannklinikk, Hesthaugen tannklinikk og Indre Arna tannklinikk, og ein mindre tannklinikk på Osterøy.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

- a) **Lindås tannklinikk** blir oppretthalden.
- b) **Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk** blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbudet på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk.
- c) **Ny tannklinikk i Indre Arna** blir etablert i 2017 med kapasitet til å gi et tannhelsetilbod til pasientar frå Arna, delar av Vaksdal og delar av Samnanger.
- d) **Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland** blir etablert i 2018 med 12 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa. Med omsyn til investeringsplan og inngåing av endelege leigekontraktar er det viktig med ei rask avgjerd i saka.
- e) **Nåverande Knarvik tannklinikk, Frekhaug tannklinikk og Manger tannklinikk** blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk.
- f) **Ny tannklinikk i Åsane videregående skule** blir etablert i 2020. Dette er ei samlokalisering av nåverande U Pihl tannklinikk og Rolland tannklinikk. Åsane vgs har som einaste skule i Hordaland utdanning av tannhelsesekretærer, og den nye tannklinikken skal bidra i praktisk trening av elevane på denne linja.

## 3. Sentrum tannhelsedistrikt

Tannhelsetilbudet i Sentrum tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert på 5 store tannklinikkar – Solheimsviken tannklinikk, Årstad tannklinikk, Fana tannklinikk, Sørås tannklinikk og Os tannklinikk – og 2 mindre tannklinikkar - Eikelandsosen tannklinikk og Austevoll tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

- a) **Tysse tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk.
- b) **Ny tannklinikk i Fana bydel** blir etablert i 2019. Dette er ei samlokalisering av nåverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.
- c) **Ny tannklinikk på Os** blir etablert i 2022.
- d) **Tysnes tannklinikk** blir vurdert lagt ned når ny tannklinikk i Os er klar til bruk i 2022.

## 4. Sør tannhelsedistrikt

Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

- a) Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbudet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.
- b) **Rosendal tannklinikk** blir lagt ned i 2016.
- c) **Langevåg tannklinikk** blir oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.
- d) **Ny tannklinikk i Sveio** blir etablert i 2023.

## 5. Vest tannhelsedistrikt

Vest tannhelsedistrikt vil gi sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Loddefjord tannklinikk, Fyllingsdalen tannklinikk, Askøy tannklinikk og Straume tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

- a) **Askøy tannklinikk** er under bygging, og vil vera ferdig i desember 2016. Dette er ei samlokalisering av Kleppstø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.
- b) **Ny tannklinikk på Straume** blir etablert i 2021. Sund tannklinikk og Ågotnes tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk på Straume er klar til bruk.
- c) **Ny tannklinikk i Fyllingsdalen** blir etablert i 2024. Sælen tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk.
- d) **Laksevåg tannklinikk** blir lagt ned når det er kapasitet på naboklinikkane til å overta pasientane. Pasientane blir overført til Solheimsviken tannklinikk, Loddefjord tannklinikk og

nye Fyllingsdalen tannklinikk.

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

**Tor André Ljosland (Krf)** sette på vegner av A, Sp og Krf fram slikt alternativt forslag:

"Alternativ:

Saka vert utsett og sett opp igjen i eit nytt møte i forkant av marsmøtet i fylkestinget."

### **Røysting**

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert utsett og sett opp igjen i eit nytt møte i forkant av marsmøtet i fylkestinget.

## **PS 19/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.02. og 11.02.2016**

**Onsdag 10.02.2016.**

Utvalet var på befaring / skulebesøk på Hyssingen produksjonsskule og Amalie Skram vgs.

**Katrin Innvær Ankervoll (A)** peika på at det burde vera eit meir felles opplegg når ein var på befaringar.

**Onsdag 10.02.2016.**

### **Innsendte spørsmål**

**Solbjørg Marjala (R)**, hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

#### "Fana Gymnas

I etterkant av at Fylkestinget vedtok å legge ned Fana Gymnas har der vært en prosess hvor elever, ansatte og foreldre har vært i kontakt med private skoledriftere. Dette for å vurdere en forsatt mulig drift av Fana Gymnas, men da som privat drevet videregående skole. I BT 08.02 kunne vi lese at Sonans har henvendt seg til fylkesrådmannen angående leie av Fana Gymnas. Har opplæringsdirektøren kjennskap til dette og kan han i så tilfelle redegjøre for kontakten og hva som har vært drøftet? Kan opplæringsdirektøren også gi rede for hvilke konsesjoner Sonans er gitt og hvordan disse kan disponeres? Kan Sonans opprette og drifte Fana private gymnas?"

Fylkesdirektør opplæring gav slikt svar:

"Sonans videregående skole er godkjent etter friskolelova. Godkjenninga gjeld skulen som skule, og det er ikkje avgjerande kven som eig skulen. Det er derfor mogeleg å kjøpe opp ein privatskule. Godkjenningane gjeld også for heile fylket, så det er prinsipielt ikkje noko i vege for at skulen kan flyttast til ein annan stad innanfor fylkesgrensene.

Det er rett at initiativtakarane bak Fana Private Gymnas har teke kontakt med fylkeskommunen med tanke på å få leigd bygningen på Paradis der Fana gymnas held til i dag. Det er til no ikkje konkludert med at bygningen skal leigast ut til ein bestemt interessent. Bergen kommune har signalisert interesse for å leige bygningen, og HFK er i dialog med Bergen kommune om dette. Fylkesrådmannen har tidlegare orientert om at det førebels ikkje er aktuelt å selje bygningen.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til at Sonans ynskjer å overta Fana Private Gymnas. Det er det motsette som er problemstillinga. Initiativtakarane bak Fana Private Gymnas er interessert i å overta aksjane i Sonans og dei konsesjonane som Sonans har til å drive vidaregåande opplæring. Desse interessentane ynskjer å byte namn på den nye skulen til Fana Private Gymnas. Det er så langt fylkesdirektøren kjenner til, ingenting som hindrar nye eigarar i å ta i bruk eit namn som er nærskyld med namnet på ein noverande skule.



Fylkesdirektøren vil elles presisere at det ikkje er tale om å overta Fana gymnas. Lærarane og personalet elles ved Fana gymnas er tilsette i HFK til dei eventuelt sluttar. Elevane ved Fana gymnas har enten fått tilbod om plass ved Nordahl Grieg vidaregåande skole (Vg2 i år), eller dei kan fritt søkje både andre offentlege vidaregåande skular og andre friskular. Fana Private Gymnas overtar personalet og elevane frå Sonans og er pr i dag berre ei vidareføring av Sonans.

Det er Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen som driv friskuleforvaltninga. Fylkeskommunen kan uttale seg ved søknad om godkjenning og endring, men det er Utdanningsdirektoratet som avgjer søknaden. Avgjerda kan eventuelt klagast inn for Kunnskapsdepartementet. Det er dermed Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen som sit på detaljkunnskapen om forvaltningsspørsmål knytt til friskular."

**Solbjørg Marjala (R)**, hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

"Bergen Media City

Utvalget for Helse og opplæring fikk på møtet i januar 2016 en redegjørelse fra prosjektet Bergen Media City. Redegjørelsen ble gitt av to representanter fra Entra eiendom og en fra Amalie Skram vidaregåande skole. Det var en spennende og god presentasjon, men det var uklart for undertegnede hva som er fylkeskommunene sin rolle i prosjektet. Er det mulig å få utlevert det samarbeidsdokumentet som prosjektet bygger på? Eller tilsvarende dokumentasjon som tydeliggjør fylkeskommunen sin rolle og mandat i Bergen Media City?"

Fylkesdirektør opplæring gav slikt svar:

"Det er Universitetet i Bergen (UIB) som har invitert HFK inn i fagleg samarbeid med utgangspunkt i UIB si eiga satsing i mediebyen. HFK har svart positivt på denne invitasjonen, og det gjeld både tidlegare og noverande politisk leiing. Det faglege samarbeidet kan byggjast rundt mediefag ved UIB og det nye studieførebuande utdanningsprogrammet MK i vidaregåande opplæring. Tilgang til dei aller mest moderne rammevilkår for medieproduksjon er ein attraksjon i seg sjølv.

UIB og HFK er inne i avsluttande arbeid med å få på plass ein samarbeidsavtale. Ein slik avtale vil vere ramma for samarbeid på ei rekkje område. Tilsvarende er det sjølvstilt fritt fram for dei vidaregåande skulane å gjere eigne avtalar med både UIB og andre institusjonar i UH-sektoren om fagleg samarbeid. HFK oppmuntrar til slike initiativ.

Entra Eiendom er den sentrale aktøren når det gjeld korleis bygningar og rom i mediebyen blir disponert. Det har vore kontakt mellom Entra og eigedomsseksjonen i HFK om leige av areal i mediebyen. Det er pr i dag ikkje avklart kva omfang eit slikt leigeforhold vil ha.

Utval for opplæring og helse vil bli orientert om eit eventuelt leigeforhold mellom Entra og HFK."

I samband med svar på spørsmål frå Solbjørg Marjala om Bergen Media City stilte **Arild Borgen** spørsmål om kva del av budsjettet leigeutgifter går på. Fylkesdirektør opplæring opplyste at leigeutgifter som gjeld skule går på opplæring, men det er eigedomsseksjonen som vurderer og har ansvar for kontraktar. i

## Spørsmål

**Tor André Ljosland** etterlyste svar på spørsmål som var reist i utval for opplæring og helse 10.11.2015 om Bibliotek og e-bøker.

Slikt spørsmål vart stilt i opplæring og helseutvalet 10.11.2015:

«Er fylkesbibliotekets e-bøker tilgjengelig for utleie på Bergen kommunes bibliotek? Hvis nei, hva kan gjøres for å få dette til?».

Spørsmålet vart oversendt kultur- og idrettsavdelinga.

Fylkesdirektør opplæring følgjer opp saka og kjem tilbake med svar i neste møte.

**Elisabeth Toft Erichsen** tok opp spørsmålet om samhandling mellom kollektivtransport (skuleskyss) og vidaregåande opplæring. Ikkje alle skular ligg ved trafikknutepunkt og for mange elevar betyr det lang reisetid pga dårleg kommunikasjon.

Fylkesdirektør opplæring opplyste at det var koordinering mellom samferdselsavdelinga og opplæring i forhold til skulerute og start og sluttider ved dei ulike skulane. Det vart frå leiaren i utvalet foreslått at Skyss kunne inviterast til neste møte i utval for opplæring og helse og gje ei orientering om skuleskyss.